

Hjort påkøyrd på Rød måndag morgon.

26.10.2020



Hjort påkøyrd på Rød måndag morgon.

**Enno ein gong er det påkøyrd ein hjort på Rød. Bilen kom frå Rosendal og har køyrd på hjorten ved skjæringa i botn av bakken innafor avkøyrsla til Bygdetunet Rød. Kjelde, Uskedalen.no har vore i kontakt med, fortel at hjorten kom frå nedsida av vegen. Det var halvtanna år gamal bukk, det vi til vanleg kallar pikhydning. Bilen fekk materielle skader. Alt gjekk fint med bilførar.**

Kvart år skriv uskedalen.no om slike ulukker. Strekninga frå Kleivadalen til Kvednavikjo er den mest utsette plassen i Uskedalen, då særleg på Syne og ved indre og ytre Rød.

Det har dei siste åra vore påkøyrslar både av hjort og rådyr. Rådyret er meir usett for varige skader og evt. avlaving enn hjorten. I 2018 hadde Ettersøkslaget 10 godkjende jegerar. Ulukkene skjer helst om natta og i skumringa, ofte då det er stor trafikk i den tida mange køyrer på arbeid.

Representant frå Ettersøkslaget sa i 2018 at det vert vurdert bruk av refleks på den aktuelle strekninga, slik det er gjort på Stripo på Husnes. Det er eit førebyggjande tiltak som uansett må godkjennast av Vegvesenet.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat